



**NGIB**

**Brannforebyggjande avdeling**

Ikenberget 14-16

5911 Alversund

TELEFON 56 37 50 00

TELEFAKS 56 37 51 09

06-June-2014

Arkiv: 2014

Saksmappe: 1

Sakshandsamar: Frode Langeland

Dato: 19.05.2014

**Meland kommune**

Postboks 79

5906 Frekhaug

## TILSYNSRAPPORT

### Grasdal Skule

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggjandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

<b>Objekt</b>	<b>Type objekt</b>	<b>Objekt id</b>	<b>Gnr/bnr</b>
Grasdal Skule	A40	18	27/129
<b>Adresse</b>	<b>Postnummer</b>	<b>Stad</b>	
0	5918	Frekhaug	
<b>Eigar</b>	<b>Førre tilsyn</b>	<b>Dato gjennomført tilsyn</b>	
Meland Kommune v/ Eigedomsavdelinga		03.11.2013	

**For objektet/verksemda møte:**

**Brannverneiar:** Torill Ingebrigtsen

**Eigar:** Erik Knag Johannesen

**Verksemd:** Arild Hestdal

**Frå tilsynsmyndigheit møte:**

**Branninspektør:** Frode Langeland

#### TILBAKEMELDING

**Det skal gjevast tilbakemelding på denne rapporten innan 1 månad etter at den er motteken. Sjå siste del av rapporten.**

**Eigar skal senda kopi til brukar**

Innleiingsvis vil vi beklage at tilsynsrapporten ikkje har vorte sendt ut før nå, dette har sin bakgrunn i flytteprosessen avdelinga var igjennom hausten 2013.

Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branntryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifta kap. 2 og 3. Formålet er og å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

Det er gjeve tilfredstillande attendemelding på tidlegare rapportar.

Tilsynet vart gjennomført som tematilsyn med hovedefokus på det organisatoriske brannvernarbeidet ved verksemda, her vart det ikkje funne noko avvik. Tilsynsmyndigheten vil spesielt framheva at ein har eit godt forankra eigenkontrollsystem på brannvernområdet, basert på risikovurdering. Den utarbeida risikovurderinga dannar eit godt grunnlag for gode rutiner, vedkommande ettersyn og vedlikehald/brannvernrunder, øving og opplæring samt målsetjing innan førebyggjande brannvern. I tillegg har ein utarbeid overordna HMS-mål, og delmål for brannvernarbeidet.

Det vart også føreteke ein gjennomgang av tilsynsrapport datert 16. november 2012. Rapporten nemner blant anna avvik relatert til utette kabelgjennomføringar i seksjonering/ brannveggar i mediateket, samt rømningsveg frå gymsal/ (nytta som forsamlingslokale).

- **Avviket gjeldande utettheter i brann/seksjoneringsvegg er nå lukka.**

Gymsalen vert nytta som forsamlingslokale til ulike arrangement, eigar/brukar har stipulert eit persontal på 180. Ved større tilstellingar kan persontalet koma opp mot 300. Sjølv om ein har utarbeida rutinar for auka vakthald, har brukar vurdert at persontryggleiken ikkje vert tilfredstillande ivareteke.

Med bakgrunn i dette har eigar engasjert Artek Prosjekt Team til å vurdere rømningsforholda frå gymsalen/forsamlingslokale.

Rapporten som er utarbeid finn rømningsforholda som lite tilfredstillande, dette gjeld breidde på dører, og at rømning må foregå via andre rom som ikkje er utført som egne brannceller. Som nemnd tidlegare rår tilsynsmyndigheten til at dei anbefalingar som kjem fram i rapporten vert fulgt opp, slik at dette avviket vert lukka.

I 2013 vart det oppført ny paviljong på sørsida av skulen, denne er ikkje tilknytt eksisterande bygning og inneheld 4 klasserom til undervisning. Bygningen er oppført over eit plan med gode rømningsvegar rett til det fri.

Ein gjer merksam på at dette branntilsynet ikkje er ein fullstendig kontroll, og at eventuelle avvik og merknader (feil og manglar) som måtte framkoma i rapporten ikkje er utfyllande.

Det er eigar av brannobjektet si plikt å syte for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann. Jfr FOBTOT §2-1.

## DEFINISJONAR

<b>Avvik:</b>	Å overtre krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.
<b>Avvik frå:</b>	Heimel i brann og eksplosjonsvern lova, førebyggjande forskrifta og HMS-forskrifta.
<b>Kommentar:</b>	Utfyllande opplysningar om avvik eller opplysningar som kan vera nyttig for mottakar.
<b>Merknad:</b>	Eit forhold tilsynsetaten meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta Helse, Miljø og Tryggleik, som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

### Avvik 1: Rømningsvegane er ikkje tilfredsstillande ...

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 2-3

**Kommentar:** Gjeld gymsal

## MERKNAD

Rapporten omhandlar også brannvarslingsanlegget ved skulen. Det er montert linjebasert brannvarslingsanlegg i bygningen, utan tilknytning til 110 sentral.

Ettersom skulen ligg noko perifert til vil ein brann som oppstår eksempelvis på nattetid, vera vanskeleg å oppdage og konsekvensane kan verta store.

Med bakgrunn i dette meiner tilsynsmyndigheten at eigar kan gjere ei risikovurdering, slik at ein kan få vurdert om det er naudsynt å oppgradera anlegget. og at dette vert tilknytt 110 sentralen.

Fordelen med slik tilknytning er først og fremst verdisikring av bygningen, i tillegg vert konsekvensane ved ein brann redusert ved at lokalt brannvesen vert alarmert direkte og vil soleis vera tidleg på staden.

Til orientering kan ein nemna at bygning i risikoklasse 3 (skule med elevtall under 150 elevar) er det ikkje sett krav om heildekkande brannvarslingsanlegg.

Det skal som minimum, slik det er i dag, (Jfr.TEK 97 § 7-27 tabell 2) vera røykdetektorar montert i rømningsvegar og fellesrom/areal.

Tilsynsmyndigheten vil i positiv retning framheva at branntryggleiken vert godt ivareteke, og at vaktmeister, brannvernleiar og eigar syner god forståing for at brannvernarbeidet ved skulen er viktig.

**KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP** Brannvernlova § 14

Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

**OPPSUMMERING**

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik gjennomgått. Ein vart einig om at eigar og brukar finn løysingar for å utbetre dei feil og manglar som er gjeve i rapporten, og etablerer/held vedlike rutinar i samsvar med Førebyggjandeforskrifta og HMS-forskrifta.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som De ikkje finn i samsvar med tilstanden i bygget eller verksemda er, ber vi dykk om å skrive dette i tilbakemeldinga. Treng De råd eller hjelp, ta kontakt med NGIB førebyggjande avdeling på Telefon 56 37 50 00. For meir informasjon om tilsynet eller avvika som er peika på, sjå rettleiinga til "Forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn", ([www.dsb.no](http://www.dsb.no))

**TILBAKEMELDING**

I samsvar med "Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn", § 6-2, ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding (ein handlingsplan!) innan 1 md. etter at rapporten er motteke. Handlingsplanen skal innehalde opplysningar om korleis og når avvika vil bli retta, samt kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

**Tilbakemeldinga skal sendast:**

**NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret,  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**

**Neste tilsyn vert gjennomført hausten 2014**

Med førebyggjande helsing

**Brannsjef  
i  
Lindås og Meland kommunar**

  
Karl Johannes Romarheim

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannførebyggjande avdeling  
N G I B**

\_\_\_\_\_  
Frode Langeland